



Eikeelva vert stadig viktigare for lokalsamfunnet

NVE gjev løyve til byggjing av kraftverk i Eikeelva på nærare fastsette vilkår. For å redusera konflikten med friluftssinteressene må tiltaket leggjast i sin heilheit på austsida av elva og inntaksdammen trekkjast litt nedi elva for å unngå konflikt med Svidhaugen.

Minstevassføringa aukast noko om vinteren av omsyn til fisken nedstrøms kraftverket

Kraftverket skal utnyttast eit fall på 226 meter og produsere 6,5 GWh i året. Friluftslivet vil i stor grad verta berørt om tiltaket vert lagt vest for elva eller i turstien. Austsida er mindre viktig for friluftssinteressene.

Ei røyrgate med veg kan leggjast der utan at tuområda på andre sida vert vesentleg negativt påverka. NVE kan eventuelt setta krav om avbøtande tiltak som ein del av konsesjonsvilkåra.

Vassforsyninga skal halda fram etter at kraftverket er bygd. Kommunen er positiv men forutset at drikkevassforsyninga sikrast, både i anleggs- og driftsfasen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen